

Bufetat, region vest:
Bergen ungdomssenter





Innleiande ord frå leiar Åse Blom

Bergen ungdomssenter arbeider etter verdiane respekt, openheit og deltaking. Dette er gode styringsreiskapar som gjev mange utfordringar i ein hektisk kvardag.

Vi har ei personalgruppe med høg fagleg kompetanse som har dette fokuset i sitt daglege arbeid.

Desse verdiane saman med anerkjente teoriar og forskingsbaserte metodar, gjer grunnlaget godt for å lukkast med behandling av ungdom med alvorlege åtferdsvanskar.

Bufetat, region vest: Bergen ungdomssenter

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) har ansvaret for det statlege barnevernet, familievernet og adopsjonane. Bufetat er inndelt i fem regionar og eit direktorat under Barne- og likestillingsdepartementet. Bergen ungdomssenter er ein del av Bufetat, region vest. Regionen femnar om fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Bergen ungdomssenter ligg i Bergen kommune. Søknad om plass på institusjonen skal sendast av den lokale barnevernstenesta i kommunen til Bufetat sitt fagteam.

Bergen ungdomssenter er ein av seks barnevernsinstitusjonar i Noreg for behandling av ungdom med alvorlege åtferdsvanskar.

Tiltaka byggjer på prinsipp og retningslinjer frå nyare forskning om behandling av åtferdsvanskar i institusjon. Modellen kallast MultifunC (Multifunksjonell behandling i institusjon og nærmiljø).



Bergen ungdomssenter vart
opna i 2005 i nyskipa lokale
på Nedre Natland.



Målgruppe

Tiltaka er retta mot ungdom mellom 13 – 18 år med alvorlege åtferdsvanskar (Lov om barneverntjenester §§ 4-24 og 4-26). For at ungdom kan få plass skal heimebasert tiltak vera prøvd eller vurdert.

Teoretisk grunnlag

Teoretisk byggjer modellen på sosialøkologisk systemteori, sosial læringsteori og kognitiv åtferdsteori, og empirisk forskning om åtferdsvanskar.



Om MultifunC

Behandlingstilbudet inneheld eit tidsavgrensa opphald på institusjon, følgt av målretta oppfølging etter utflytting. Den samla behandlingstida vert vurdert særskilt for kvar ungdom, men vil til vanleg vara 10-12 månader. I denne tida vil ungdomane bu i institusjon i om lag seks månader.

Ved inntak vert det utarbeidd planar og konkrete mål for opphaldet på institusjonen og for heile behandlinga. Dette skjer i samarbeid med ungdomane sjølve, familien og barnevern-

tenesta. Avslutning av institusjonsopphaldet skjer på grunnlag av ei vurdering av i kva mon måla er oppnådd, og det same er tilfelle når den oppfølgjande behandlinga skal avsluttast.

Tilbudet vert skipa som open institusjon med nære band til lokalsamfunnet. Institusjonen søker såleis å få til eit samarbeid med skuler i nærmiljøet og å knyta kontaktar med positive ungdomsmiljø utanfor institusjonen med tanke på fritidsaktivitetar.

Behandlinga

Behandlinga har fokus på å endra negativ åtferd, oppøva sosial dugleik og påverka haldningar til rus, kriminalitet osv. Metodane som vert nytta er Motiverande intervju (MI), Aggression Replacement Training (ART) og teknøkonomi.

Behandlinga fokuserer på ein balanse mellom kontroll og sjølvstende gjennom at personalet kontrollerer negativ åtferd, samstundes som ungdomane får ta del i avgjerder samt planar.

Behandlinga vil heile vegen, både under og etter institusjonsopphaldet, verta innretta mot at ungdomane skal fungera betre på skulen og ha mindre kontakt med negative og meir kontakt med positive ungdomsmiljø. Foreldra vert trekt inn i behandlingssopplegget med sikte på å hjelpa dei til å fungera betre som foreldre og oppdragarar. Arbeidet med familien er bygd på prinsipp frå Multi-systemisk Terapi (MST) og Parental Management Training (PMT).

For ein del ungdomar er det allereie på førehand avklåra at dei ikkje skal flytta heim til foreldra etter at institusjonsopphaldet er avslutta. Det er barneverntenesta som har omsorga for desse etter Lov om barneverntjeneste § 4-12, og oppfølginga av desse ungdomane vil vera den same som for dei som går attende til sine biologiske foreldre.



ART (Aggression Replacement Training) er ein av metodane som vert nytta i Multifunc. Metoden består av tre komponentar; sosial ferdighetstrening, sinnemestring og moralsk ressonering.

Organisering

Bergen ungdomssenter rår over egne faggrupper for utgreiing, miljøarbeid, pedagogikk og for familie- og oppfølgingsarbeid.

Utgreiingsteamet vurderer om innsøkte ungdom er i institusjonen si målgruppe. Teamet vurderer behandlingsbehov, utformar behandlingsplanar og følgjer opp behandlingsarbeidet. Teamet samarbeider med eksterne utgreiings- og behandlingsinstanser, for eksempel BUP. Teamet har høg fagleg kompetanse og er i stand til å gjennomføra utgreiingar det er behov for.

Miljøteam har ansvar for den daglege tilrettelegginga av behandlinga på institusjonen. Miljøteam gjennomfører behandlingsplanar retta mot den enkelte ungdom, der det arbeides med åtferdsending, haldningsending, dugleikstrening, fritidsaktivitetar og kontakt med normalsamfunnet utanfor institusjonen.

Pedagogisk team har ansvar for pedagogisk kartlegging og oppfølging av ungdommen i løpet av institusjonsopphaldet og ved flytting. Teamet samarbeidar med eksterne instansar som skule, arbeidsplass, OT/PPT og fylkeskommunen.

Familie- og oppfølgingsteamet har ansvar for familieretta arbeid undervegs i opphaldet på BUS, og for oppfølging av familien etter at ungdommen har flyttet ut frå ungdomssenteret. Dette arbeidet inneber involvering av foreldre i beslutningar, rettleiing av foreldre knytt til ungdommane sine åtferdsvanskar, og oppfølging gjennom jevnleg kontakt etter utflytting. Familieteamet jobbar også med å styrkje ungdommens samvær med positive venner og for at ungdommen skal involvera seg i fritidsaktivitetar på heimstaden.

For kvar ungdom vert det etablert egne team som er sammensett av representantar frå kvart av dei fire teama.





Nærmare informasjon kan ein
få ved å henvenda seg til:

Bergen ungdomssenter

Nedre Nattland 6g
5099 Bergen
Tlf 466 19 070 Fax: 55 28 57 49
bus.vest@bufetat.no

Leiar av Bergen ungdomssenter:

Åse Blom – Tlf: 466 19 070

Barne-, ungdoms og familieetaten (Bufetat)

Region vest – Tlf: 466 19 300